

Nøytralitetsrapport 2024 for Bømlo Kraftnett

Ansvarleg: Bente Steinsland, Nøytralitetsansvarleg

Godkjenningsansvarleg: Tor Bjarne Smedsrød – dagleg leiar

Innleiing

Ei av føresetnadene for å nå målet om ein effektiv kraftmarknad, er eit klart skilje mellom monopolregulert og konkurranseorientert verksemd. Dette inneber blant anna at nettfunksjonen ikkje skal påverke konkurrancesituasjonen mellom dei ulike straumleverandørane i marknaden. Grad av selskapsmessig eller eigarmessig integrasjon mellom netteigaren og ein eller fleire straumleverandørar skal ikkje legge til rette for spesielle ordningar som påverkar kunden sin val av leverandør.

Krav til nøytral opptreden gjeld overfor kraftleverandørar, fiber/telekomleverandørar, produsentar og nettkundar. Nettselskap skal opptre nøytralt og ikkje-diskriminerande. Eit nettselskap innanfor ein integrert verksemd skal ikkje ta avgjerder eller utføre handlingar som kan gje ei særskilt fordel til andre føretak innanfor gruppa. Føretak med omsetningskonsesjon og morselskap eller kontrollerande eigar i integrert verksemd, skal ikkje prøve å oppnå ei særskilt fordel frå det integrerte nettselskapet

Forskrift

Nettselskapas nøytralitet og informasjonsplikt beskrivast i avrekningsforskrifta (FOR 1999-03-11 nr. 301) kapittel 8, i tillegg til at NVEs "Veileder om nettselskapets nøytralitet og informasjonsplikt" nr. 5/2011 gir nærmere beskriving av krav som stilles og korleis nettselskapa kan overhalde desse.


Beskriv det integrerte føretaket sin struktur og kva konkurranseutsett verksemd ein driv med i tillegg til nettverksemda.

Bømlo kraftnett AS er eit selskap i konsernet Finnås kraftlag SA. Bømlo Kraftnett har 9023 nettkundar per 31.12.2024 og er underlagt kravet om skilje på selskapsnivå (selskapsmessig skille), jf. energilova (LOV 1990-06-29 nr. 50) §§ 4-6 og 4-7. Selskapet har færre enn 100.000 nettkundar og er såleis ikkje underlagt kravet om funksjonelt skilje.

Konsernet Finnås Kraftlag har ein struktur som vist nedanfor.



- Finnås Kraftlag SA, leverer tenester til datterselskapa innafor leiing, kundeservice, adm, og øk/HR.
- Finnås Kraftlag AS driv med kraftomsetning, breiband, solceller, elbillading og Smart straumstyring
- Bømlo Kraftnett er nettelskapet. Noko overskuddskapasitet vert nytt til veglystenester.



Skildring av typar avgjører der det er spesielt viktig å påse at krav til nøytral opptreden blir overholdne.

Kjøp av tenester internt i konsern.

Kjøp av tenester fra morselskap eller andre selskap i konsernet er basert på konkurranse og skriftlege avtaler.

Kjøp av tenester eksternt.

Alt av innkjøp skjer i samsvar med Lov om offentlege anskaffingar og forsyningsforskrifta Våre tenesteleverandørar og entreprenørar pliktar å opptre nøytralt.

Kommunikasjon

All informasjon skal være nøytral og tydeleg merka med Bømlo Kraftnett. Det skal ikkje førekome informasjon om den integrerte straumleverandøren eller andre straumleverandørar eller om den integrerte fiberleverandøren i Bømlo Kraftnett si kommunikasjon. Alle førespurnader frå kundar, grunneigarar, leverandørar osb. skal behandlast likt på ein ikkje-diskriminerande og nøytral måte.

Eksempel: - Ved tilknyting til nettet: Det skal givast tilknyting til nettet på objektive og kontrollerbare vilkår til alle, også interne kundar/selskap som nettkundar.

Skildring av typar informasjon som blir generert eller motteke av nettselskapet og som kan nyttast i marknaden

Bømlo Kraftnett er ansvarleg for behandling av dei personopplysningane som blir gitt i samband med etablering, drift og vedlikehald av straumnettet og andre tenester som blir levert av Bømlo Kraftnett. Dette gjeld også i dei tilfella der Bømlo Kraftnett har engasjert tredjepartselskap til å utføre tenester på oppdrag for Bømlo Kraftnett. Behandling av personopplysningar er nærmere beskrive i vår [personvernerklæring](#) på heimesida vår.,

Bømlo Kraftnett har etablert eigen heimeside og Facebookside.

Oversikt over personar med fleire roller i det integrerte føretaket, der ein av rollene er i nettselskapet. Moglege interessekonflikter og tiltak for å sikra nøytralitet.

- Tor Bjarne Smedsrød – adm.direktør i Finnås Kraftlag SA og dagleg leiari i Finnås Kraftlag AS og Bømlo Kraftnett
- Bente Steinsland – Administrasjons- og marknadssjef. Tilsett i FK SA. Leder kundesenter som handterer kundar på både kraft, nett og breiband. Er styresekretær i alle selskap i konsernet. Ansvar for adm.tenester, kommunikasjon og nøytralitetsansvarleg i Bømlo Kraftnett
- Anita Meling Solend, tilsett i FK SA som kundehandsamar, leverer kundeservice og faktureringstenester for både nett, kraft og breiband
- Anne Merete L. Grønås, tilsett i FK SA som kundehandsamar, leverer kundeservice for både nett, kraft og breiband
- Marion Havfer, tilsett i FK SA som kundehandsamar, leverer kundeservice for både nett, kraft og breiband. Mot slutten av året gjekk Marion ut i svangerskapspermisjon og Janicke Kleveland gjekk inn i vikariat i hennar plass.
- Rune Nesse, IK/HMS-koordinator. Tilsett i Bømlo Kraftnett, leverer IK/HMS-tenester til øvrige selskap i konsernet.
- Johnny Rolfsnes, tilsett i FK AS, brebandskoordinator. Inngår i rotasjon som overordna vakt i nettselskapet.
- Christine Schei Alfredsen, tilsett i FK SA som økonomi- og HR-sjef. Leverer tenester til alle selskap i konsernet, inkl. nettselskapet.
- Vibeke Onarheim Vea, tilsett i FK SA som rekneskapsmedarbeider. Leverer tenester til alle selskap i konsernet, inkl. nettselskapet
- Malin Tollaksvik, tilsett i FK SA som rekneskapsmedarbeider. Leverer tenester til alle selskap i konsernet, inkl. nettselskapet
- Anders Engevik, tilsett i FK AS som avd.leiar for breiband med IT-ansvar for alle selskap i konsernet.

- Arild Rolfsnes, tilsett i Bømlo Kraftnett som AMS koordinator/Målaransvarleg. Overskottskapasitet vert solgt til FK AS innafor område solcelle, elbillading og smart straumstyring.

Alle tilsette har gjennomført opplæring i regelverket knytt til nøytralitet. Det er gjennomført to interne kurs med tema nøytralitet i 2024. Sidan me er eit lite selskap vil mange ha fleire roller. Alle må såleis vise ekstra stor aktsomhet og vera bevigd kva rolle ein har til ein kvar tid for å sikre nøytral opptreden.

Skildring av nøytralitetsansvarleg si uavhengigheit.

Bente Steinsland er nøytralitetsansvarleg i Bømlo Kraftnett. Ho er tilsett i Finnås Kraftlag SA som administrasjon- og marknadsjef. Bente er leiar for kundesenteret, herunder fakturering, innfordring og kundeservice for alle virksomheter i konsernet. Ho har også ansvar for kommunikasjon, heimesider og sosiale media. I tillegg er ho nestleiar og styresekretær i alle selskap i konsernet.

Selskapet er medviten om at Bente Steinsland har mange roller som i teorien kan svekke tilliten til rolla som uavhengig nøytralitetsansvarleg. Det er gjort ei førebels vurdering av at ho likevel er den mest naturlege og beste kandidaten då ho er leiar for kundesenter og innehavar fleire andre roller der nøytralitet skal ivaretakast. Nøytralitetsansvarleg må vise ekstra aktsomhet og er bevigd kva rolle ho har til ein kvar tid.

Skildring av nettselskapet sitt opplæringsprogram, jf. § 8-1a

Alle tilsette i Bømlo Kraftnett må gjennomføre årleg internt kurs om tema nøytralitet.

Dokument som regulerer nøytralitetskrav:

- Rutine for nøytralitet og informasjonsplikt i Bømlo Kraftnett
- Rutine for nøytral opptreden i Bømlo Kraftnett
- Rutine for bruk av taushets- og nøytralitetserklæring mot eksterne
- Taushets- og nøytralitetserklæring mot eksterne
- Rolleskildring Nøytralitesansvarleg i Bømlo Kraftnett

Skildring av behov, omfang og typar sal av eigen kapasitet, inkludert overskottskapasitet, fibertenester, driftssentralstenester og beredskapstenester.

Sidan nettselskapet mottar ein del breibandsrelaterte spørsmål til nettselskapets vakttelefon er det avtalt at breiband må betale eit honorar til nettselskapet for denne tenesten.

Nettselskapet leverer IK/HMS og beredskapstenester til FK AS.

Overskottskapasitet vert nytta til veglysvedlikehald samt timer solgt til øvrig virksomhet i FK AS (Solcelle, elbillading og smart straumstyring)

Avvik

Det er ikkje registrert avvik knytt til nøytralitet i 2024

Eksterne hendvendingar

Det er ikkje mottatt klager eller andre spørsmål frå kundar, kraftleverandørar eller andre på nøytralitetsbrot i løpet av 2024.

Interne rutinar for for nøytral oppreten følger som vedlegg til årsrapporten.

Nøytralitetsansvarleg Bømlo Kraftnett AS

Bente Steinsland